


# FOLK I RYFYLKE

## 1/84



TIDSSKRIFT FOR RYFYLKEMUSEET



**FOLK  
I RYFYLKE  
1/84**

# FOLK i Ryfylke

Tidsskrift for Ryfylkemuseet

**REDAKTØR:**  
Roy Høibo

**ADRESSE:**  
Ryfylkemuseet  
4220 Sand  
Telefon (047) 97 377


**ABONNEMENT:**  
FOLK i Ryfylke kjem med  
2 nummer i året.  
Abonnementsprisen for  
1984 er kr. 45,-, og  
inkluderer medlemskap  
i Ryfylkemuseet.  
Postgirokonto nr. 5 66 29 11  
Bankgirokonto nr. 3232.07.01527

**SATS OG TRYKK:**  
Sentrum Trykkeri, Ølen

# INNHOLD:

|  |    |
|--|----|
| Frå årbok til tidsskrift               | 7  |
| På sjølvstyr                           | 8  |
| — Frå Peder Heskestad til Ola Meltveit |    |
| Erfjord Bygdemuseum                    |    |
| — Smålåte tyngdepunkt i samlingane     | 14 |
| Jelsa i sentrum for verneinteressene   | 20 |
| Arbeidaren på museum                   | 27 |
| ÅRSMØTESAKER                           |    |
| — Årsmelding                           | 33 |
| — Rekneskap 1983                       | 46 |
| — Medlemspengar 1985                   | 48 |
| — Budsjettsøknad 1985                  | 49 |
| — Forslag om vedtektsendring           | 51 |
| — Tilråding frå valnemnda              | 52 |
| VEDTEKTER FOR RYFYLKEMUSEET            | 55 |

*Biletet på framsida syner Johannes Ramsfjell framfor det første av skulehusa som vart flytta til Erfjord Bygdemuseum.*



*Minna etter husmannsfolka i Øra i Hylsfjorden står til nedfalls. På oppmodning vurderte Ryfylkemuseet utvegane til å verne plassen sist sommar, men fann at det var både praktiske og store økonomiske problem som sto i vegen for å få det til.*

# FRÅ ÅRBOK TIL TIDSSKRIFT

Eit nytt tidsskrift kan virke vågalt i ei mediatid som vår. Og eit som skal sys selsette seg med kultur endatil, i ei tid da olje og teknikk, næringsliv og arbeidsløyse får beste plassen i dei media vi alt har, ved sidan av krisereportasjane frå helse- og sosialsektoren som representantar for dei mijuke sektorane.

La oss derfor med ein gong få melde frå om at ambisjonsnivået ikkje er så høgt som førehandsreklamen kanskje kunne tyde på. Og slett ikkje for dette første nummeret av FOLK i Ryfylke. Det har aldri vore meiningsa at det skulle vera særleg meir enn eit meldingsblad for Ryfylkemuseet, med mest om det vi har drive med siste året, men med høve til å gjera litt meir ut av det enn ei fotostatskopiert lelse av ei årsmelding kunne tilby av visuelle urfordringar.

Ingen må likevel la seg leie til å tru at museet er alldeles utan ambisjonar for ein trykksak som blir kalla tidsskrift. Vi vil gjerne at FOLK i Ryfylke skal bli ein viktig formidlar av kunnskap om korleis folk i Ryfylke har hatt det opp gjennom tidene, og gjerne litt om korleis desse føresetnadene er med på å forme det samfunnet vi lever i i dag, og dermed oss sjølv.

FOLK i Ryfylke er ei vidareføring av den årboka museet ga ut under namnet Frå bygd og by i Rogaland, medan museet enda heitte Rogaland Folkemuseum. Årboka kom med siste nummeret i 1979. Det var den 22. i rekka, men i ei rekke som hadde endra både mål, innhald og namn undervegs.

Kan hende er det gale å avslutte ei slik årbokrekke. Argumenta for å gjera det har likevel voge tyngre. Årboka hadde både ei form og ein kostnad som ikkje høvde lenger, og arbeidsområdet for museet har endra seg slik at det i alle høve var nødvendig med endringar både i namn og innhald.

Tidsskriftet vil komma med to nummer i året. Eit nummer i mars med årsmelding, artiklar og reportasjar om museums- og kulturvernarbeidet i Ryfylke i året som har gått, og eit hovudnummer om hausten med artiklar om den folkelege levemåten i Ryfylke i fortid og samtid. Skal det siste bli interessant er vi nok avhengige av bidrag frå skriveføre folk kring om i regionen, men vi tek sjansen på at det finst slike, og at dei er villige til å gjera stoffet sitt kjent gjennom FOLK i Ryfylke.

# PÅ SJØLVSTYR

Frå Peder Heskestad til Ola Meltveit

På årsmøtet i fjor vart det vald eit museumsstyre med berre ryfylkingar. Styret frå året før var det første utan noen fagmann. Desse endringane gir kanskje klårare enn noe anna utsyn for den omforminga dette museet har vore gjennom dei siste åra.

I det første styret var det berre ein ryfylking, det var Johan Veka frå Suldal. Han vart vald inn på skipingsmøtet i Stavanger den 20. september 1936 og sat i 38 år, like fram til årsmøtet i 1974 da han let plassen over til Odd Stråpa. Og så han frå Suldal.

Frå 1952 kom Julius Bårdsen frå Sand med som den andre representanten frå Ryfylke. Han sat til 1975 da Toralv Vandvik frå Sand overtok plassen.


I 1981 vart det vald inn tre representantar i styret frå Ryfylke. Og så kom vedtektsendringane i fjor som førte til at alle representantane skulle vera frå Ryfylke, to frå kvar av kommunane Sauda, Suldal og Hjelmeland. I tillegg har fylkeskommunen ein representant i styret.

Frå Sauda kom Tone Årthun, lærar og bonde i Hellandsbygd og Olav I. Ofte-dal, møbelsnikkar og medlem av både kulturminnenemnda i Sauda og styret for stiftelsen Tveit-tunet. Frå Suldal Børge Skeie, lege, småbrukar og formann i Erfjord Bygdemuseum, og Ommund Berge, vaktmeister og formann i Suldal Museumslag og foreininga Suldalsdampen. Og frå Hjelmeland kom formannen, Ola Meltveit, forpaktar og formann i Hjelmeland bygdemuseum, og Jan Ommundsen, likningssjef i Hjelmeland.

Det var Jæren og Stavanger som hadde flest representantar i styret tidlegare, men så var det da også meiningsa at museet skulle vera eit bygningsmuseum for heile Rogaland, plassert på Tjensvoll ved Mosvatnet i Stavanger. Det var stor festivitas da museet vart opna der i 1936, med pent ver, brudefølgje, Leiv Mæle som spelemann, Theodor Dahl som kjøgemeister og Macody Lund som hovudtalar.

Johan Veka kom med da Peder Heskestad og konservator Harald Hals II kom til Bråtevit for å kjøpa Guggedalsloftet, den første bygningen museet fekk hand om. Han har såleis følgt arbeidet med museet i 50 år og er ei nokså naturlig kjelde til opplysningsa om pionerane i dette museet.

— Det som særmerkte Peder Heskestad, læraren frå Klepp som starta museet, var den store arbeidshåtten, fortel Veka.



Peder Heskestad var føregangsmannen i arbeidet med Rogaland Folkemuseum. Her er han fotografert av Stavanger Aftenblad 11. desember 1971 da han fekk Kongens fortjenstmedalje i gull for innsatsen sin.

— Han gjorde seg ferdig med det han tok til med, utsette aldri til i morgen det han kunne gjera i dag, men tok heller aldri på med meir enn det han kunne rekke med.

Dei andre i styret stolte nokså fast på vurderingane til Heskestad, fortel Veka vidare. Han hadde på same tid både god innsikt i dei problema ein sto føre og eit praktisk handlag i evna til å løysa dei. Og resultata vart mest alltid gode. Einaste huset på Kolbeinstveit, at det vart raudt, det har undra fleire enn Veka. Men det treng snart måling att, og da spørst det om det ikkje skuile gå an å få det kvitt att, slik det var før.

Av ulike grunnar vart det ikkje særleg med museumsplanane ved Mosvatnet. Etter krigen tok styret til å orientere seg mot andre mål, og frå 1984 tok arbeidet til med å verne gamle bygningar på plassen der dei sto. Først ved kjøpet av Røynevarden i Suldal, og så ved overtakinga av Grødal land i Hå, der tankane om bygdetuna som dei berande einingane i museet tok til å gjera seg gjeldane.

I Ryfylke tok ein til å drøfte utvegane til å få til eit museums-tun på Eide ved Sand. Ein tanke som fekk tilslutning både frå private samlarar og frå fleire ordførarar i indre Ryfylke. Men da Albert Vasshus baud fram Kolbeinstveit, var det naturleg å nyte det som utgangspunkt for eit bygdetun for Suldal og dei nærmaste bygdene.

Det er likevel interessant å legge merke til dei framsynte tankane Heskestad hadde om organiseringa av museumsverksemda i Ryfylke. I ein artikkel i "Rogaland" frå 1954 ber han fram ønskje om at det blir oppretta lokale kulturminne-nemnder i dei einskilde bygdene, som kunne vera bindeledd mellom bygda og museet. Dei kommunane som ga tilskot til museet kunne da, gjennom desse nemndene, la seg representere på årsmøta til museet, slik at folk frå dei einskilde bygdene vart med og arbeidde ut planane for verksemda frå år til anna.

Det naturlege arbeidsområdet for eit Ryfylkemuseum på Eide måtte vera Sand og Suldal, Erfjord Jelsa, Imsland og Vikedal, og Sauda. Hjelmeland blir ikkje nemnt, og kom vel ikkje retteleg med i arbeidet før Viga kom på tale som bygdetun først i 70-åra.

Det kan undre ein at Peder Heskestad, jærbuen, var så ivrig i arbeidet i Ryfylket. Dette var ein svært aktiv periode i museet, mange planar vart drøfta og mange hus og tun vurderte for museumsformål. Heskestad brukte heile sommarferiane sine til museumsarbeid. Attåt dei store oppgåvene på Kolbeinstveit og Røynevarden tok han og til med vernevølinga på Li, det største og mest særmerkte av dei tuna som er blitt verna i Ryfylke.

— Han var bergetken når det galldt gamle Suldal, seier Veka. Men tanken hoppa aldri lenger enn det var økonomiske midlar til.

Alt kunne likevel ikkje gjerast fullgodt. Ikkje alle avtalar førte til praktiske resultat, ikkje alle hus som museet fekk hand om blei tatt vare på og det resulatatrike innsamlingsarbeidet vart ikkje følgt av eit like omfattande dokumentasjonsarbeid.

— Me skulle vore meir systematiske medan me heldt på. Sidan vart årstal og kor tinga kom i frå gløymte, og mangt som vart fortalt vart aldri skrive ned, seier Johan Veka nå.



Johan Veka har sjølv lagt ned mye arbeid i Rogaland Folkemuseum. M.a. derfor har han fått både Aftenbladets kulturpris (1962), Kongens fortjenestemedalje i gull (1972) og Rogaland fylkeskommunes kulturpris (1983). Det er den siste han her tek i mot frå formannen i fylkeskulturstyret, Terje Rønnevik.



*På årsmøtet i Hjelmeland i 1982 gjekk Jan Hendrich Lexow ut av styret etter å ha vore med i 30 år, frå 1975 til 1981 som formann. Den nye formannen, Ola Meltveit, takkar her for innsatsen.*

Det kan vi seie oss leie for i dag, da dyrt betalte studentar skal til å lage katalog over tinga. Men også i dag må vi velja mellom mange ulike oppgåver. Vi har heller ikkje i dag ressurser til å gjera alt fullgodt. Dessutan har mange nye oppgåver meldt seg. Ettertida vil heller ikkje i vårt materiale finne svar på alle dei spørsmåla dei vil komma til å stilla. Men det vi kan hugsa på er at det som er gjort tidlegare aldri kunne vore gjort i dag, sjølv om det ikkje skal vera noen årsaking for ikkje å legge faglege mål til grunn for museumsarbeidet.

Heilt til i 1975 sto Peder Heskestad i leiinga for museet. Da overtok Jan Hendrich Lexow som formann. Han hadde vore med i styret som representant for Stavanger Museum sidan 1951, og heldt fram til han gikk ut i 1982, etter 30 års teneste for museet.

— Lexow har vore ein god mann for Rogaland Folkemuseum, seier Veka. Han kunne vera vanskeleg å komma i kontakt med, men kom ein først inn på han var det noko greitt med han.

I 1975 kom og den nye tilskottssordningen for musea. For Rogaland Folkemuseum førte dette til at det kunne tilsettast konservator, først i halv stilling, seinare i full stilling.

I kjølvatnet til kulturmeldingane kom dessutan kulturplanane, og det var i kulturplanen for Rogaland frå 1978 at tanken om å gjera Rogaland Folkemuseum om til eit regionmuseum for Ryfylke dukka opp.



*Dei årsmøtevalde medlemmane av det sittande styret fotografert under synfaring til Bjørkeneset ved Kolbeinstveit i april 1983.*

*Frå venstre: Olav I. Oftedal, Tone Arthun, Omund Berge, Ola Meltveit, Børge Skeie og Jan Ommundsen. Den fylkesoppnemnde medlemanen, Stein G. Sægrov, var ikkje med på dette møtet.*

Desse tankane, og andre som følgte etter, førte til motsetningar i styret. Og det var nok også som eit resultat av desse motsetningane at Ola Meltveit i 1981 vart vald til formann, sjølv om Lexow da allereide hadde sagt at det nå som museet hadde fått konservator i full stilling ikkje lenger var trong for ein konservator i styret.

Nå er det bygdafolket som styrer museet, og under sindig leiing av ein Hjelme landsbu som ikkje lett let seg rive med om det skulle koma til replikkvekslinger ut over det ganske velmeinte. Her finst verken byfolk, jærbuar eller fagfolk med i styret lenger. Truleg er det enda trong for justeringar av styreforma, kan hende noe i retning av det Heskestad var inne på for 30 år sidan. Men i hovudsak vil dei fleste vera samde om at den omforminga som har funne stad har vore til det beste, i alle fall for Ryfylke.

Det var ein føresetnad for omforminga av museet og flyttinga av kontoret til Sand at ein skulle ta til med å bygge opp samlingar for heile Ryfylke. Det var vidare ein føresetnad for overføringa av samlingane i Hå til Hå bygdemuseum at dei midlane som med det vart frigjorte skulle nyttast til ei utviding av engasjementet i Ryfylke. Begge delar er ein godt i gang med, sjølv om Ryfylkeomgrepene er problematisk å definere innanfor dei ressursene ein har til rådvelde.

# ERFJORD BYGDEMUSEUM

— smålåte tyngdepunkt blandt samlingane



*På forsommaren 1977 skipa Erfjord skule til pensionisttreff på bygdemuseet. Dei som sit rundt bordet fremst i biletet er frå venstre: Bård Fylgesvoll, Hadle Nevøy, Sven Skjerahaug, Karl Helgeland og Osmund Tednes.*

Etter ønskje frå Erfjord Bondelag er Erfjord Bygdemuseum frå 1. januar i år ein del av Ryfylkemuseet. Innleminga betyr ein kraftig tilvekst til dei samlingane Ryfylkemuseet har ansvaret for. Faktisk er det slik at vi ingen annan stad i Ryfylke finn ei så stor samling på ein stad. I denne artikkelen vil vi prøve å trekke opp hovudlinene i utviklinga av Erfjord Bygdemuseum.

Det tok til i 1962. Ein vårdag da, eller kanhende var det tidleg på sommaren, det veit vi ikkje så sikkert. I alle fall hadde det vore møte på bedehuset, og Johannes Ramsfjell kom i prat med Karl Helgeland. Om han kunne kjenne til noen gamle lerskrepper i bygda? Det kunne han nok, Karl Helgeland, men han spurte i staden kva Johannes ville med dei. Jo, det var ein utanbygds samlar som hadde spurt seg føre.

—Me må nå aldri dra slikt ut av bygda. Gå heller i gang og samle sjølv, meinte Karl Helgeland. Og Ramsfjell så gjorde. Eit halvt år etter hadde han fullt eit rom i løa si med gamle ting.

I mellomtida hadde bondelaget tatt på seg ansvaret for arbeidet med å få til ei bygdesamling i Erfjord, og dei hadde vald eit styre der Paul Bog og Åsmund Erøy var med attåt Ramsfjell. Det var Karl Helgeland, som da var ordførar i Erfjord, som foreslo ei slik ordning, etter at Ramsfjell hadde spurt om ikkje kommunen kunne velja eit styre.

Johannes Ramsfjell er ein nøkkelperson for å forstå korleis det var muleg å bygge opp ei såvidt stor samling på så stutt tid, og så seint som i 1960-åra.

Han var emissær, og hadde stor tiltru blant folk. I 1962 var han 67 år gammel, og budde da på eit lite småbruk ved sidan av kyrkja i Hålandsosen. Tidlegare hadde han både styrt med fylkesgarden på Valevatn og budd i Hjelmeland noen år.

— Då han først vart sett på i ideen om å samla til eit bygdamuseum, var det som å opna ein stem, fortel Karl Helgeland, han synte ei voldsom interesse.

Men samstundes var det og stor velvilje i bygda for tiltaket. Ein god start fekk museet gjennom ei stor gåve av gamle ting etter Lars Aas. Far hans heitte Jørn og var komen frå Førland i Suldal. Derifrå stammar det meste av tinga frå Ås.

Og her finst Wergelands-porselen etter Jelsa-presten, Brakahaugbåt til kyrkjeferd, flint-børser og hampenot, bustestavar og trøske-tustar, og eit utval rokkar, frå den grøvste hamperokk til den finaste ull-rokk. 1300 registrerte gjenstandar i alt, og i tillegg ein del uregistrert. Truleg ei samling på kring 1500 gjenstander tilsaman.

Løa til Ramsfjell vart fort for lita til alt dette, og ein måtte til å sjå seg om etter andre løysingar. Sentralskulen i Vik var nå tatt i bruk, og 8 skulehus sto tomme rundt om i bygdene. Museet fekk tre av dei, skulehusa på Erøy, Håland og Tveit.

Både Håland og Erøy vart vurderte som museumsstader, men det vart til slutt Vik, der ein både hadde fått tilbod om tomt og ein kom til å ligge i nærlieken av skulen.



*Johannes Ramsfjell framfor løa si i Hålandsosen der han tok til å samle ting til bygdemuseet. Akledet skal vera kome frå Mork i Suldal. I henda held han eit ølkrus frå Ås og eit stettefat.*


Første tanken var å bruke eitt av skulehusa til dei kulturhistoriske samlingane og eit anna til skolemuseum. Men begge dei to husa som vart flytta vart raskt fylte av gamle ting, og av uthusa stelte ein til båthus. Så langt som til å flytte skulehuset på Tveit kom ein ikkje.

Det var Magnus Tysse som tok på seg å flytte skulehusa. Han var dessutan og ein ivrig samlar, og har ein stor del av æra for at det vart eit bygdemuseum i Erfjord, eit Ferdaminne, som ein kalla det.

Det var og Magnus Tysse som vølte Holestølen. Ein stol innafor Budalsvatnet som museet fekk som gavé av Rasmus Vasshus. Stolen låg i utmarka til Østerhus, men Vasshus leigde beite her. Stolen har ei velutstyrt og fin stolsbu, men uthuset er tatt ned.

Også dei særmerkte husa på Håland var det bygdemuseet som fekk hand om, Målarstova og Håmannsbua med røykstova. Men bygdemuseet hadde ikkje midlar til å ta seg av dei, og let dei vidare til Rogaland Folkemuseum.

Det nære samarbeidet med Rogaland Folkemuseum synte seg og ved at Johannes Ramsfjell sat som varamann til styret for museet frå 1964 til han døydde i 1973.



*Erfjord Bygdemuseum fekk hand om 3 skulehus, ei bekkekvern, ein stol og Målarstova og Håmannsbua på Håland på noen få år. Her står Johannes Ramsfjell ved eit eldgammalt uthus på Vågane. Han hadde gjerne sett at det og hadde kome inn under bygdemuseet.*

Det vart gjort utruleg mye på dei første åra til Erfjord Bygdemuseum. Her var samla ei, etter forholda, stor gjenstandssamling, det var bygt ut eit museumstun med 4 bygningar, ein 5. sto for tur til flytting og 3 andre, verdfulle hus var tatt var på.

Men så kom det ein stagnasjonsperiode. Innsamlingsarbeidet stoppa, og ein tok til å få problem med å ta vare på samlinga. Den dåverande formannen, Cornelius Fredheim, såg seg ikkje anna råd enn å spørja skulen om hjelp. Og det vart eit blinkskot.

Mange har lese om det nybrotsarbeidet i skuleverket som Erfjord skule gjennomførte skuleåret 1976/77 da dei let 8. klasse ta museumsarbeid som valfag. Soga gikk som ein farsott både i den lokale og regionale pressa, i hovudstadsavisen og i vekepressa endatil. Og framleis får skulen spurnader om røynslene frå arbeidet.

Og det var verkeleg godt arbeid som vart gjort. Dei fleste av gjenstandane vart vaska og reingjorte, tregjenstandar vart insette med middel mot sopp og skadedyr og metallgjenstandar vart pussa. Gjenstandane vart så registrerte og nummererte, og for ein del gjenstandar vart det innhenta supplerande opplysningar. Skuleåret vart avslutta med pensjonisttreff i museumsstunet.



2.72

Skuleåret 1976/77 tok 8. klasse på Erfjord skule museum som valfag. Her er noen av elevane i gang med vasking, pussing og preparering av gjenstandane. Frå venstre: Bjørg Bente Nordheim, Ase Bente Skjerahaug, Laila Natland, Anne Svendsen, Jarleiv Vestersjø og Jan Kristian Maribu.

Det var lærarane Jarle Halgunseth og Magne Furu som leia arbeidet, etter noe råd og rettleiing frå Arkeologisk Museum i Stavanger og Rogaland Folkemuseum.

Året før hadde ei gruppe i 9. klasse brukt ein del valfagstimer til registrering av heialører i Erfjord. Resultatet av det arbeidet er m.a. omtala i árboka for Rogaland Folkemuseum for 1978/79. Den same gruppa brukte dessutan våren 1976 til innsamling av stadnamn. Seinare har skulen samla stadnamn langs fjorden og ein har fotografert og registrert gamle naust.

Erfjord skule har vist ein eineståande evne til å nytte dei utvegane museet og andre kulturvernoppgåver gir for å forme ut valfag i nær tilknyting til bygdehistoria. Det krev mye, både av lærarar og elevar, for å få slikt til å gå så godt at det også gir praktiske resultat.

Men akkurat som ein kom inn i ein stagnasjonsperiode etter den første, hektiske oppbyggingsperioda, fall museumsarbeidet tilbake til gamle tilstandar etter blomatingsåret 1976/77, og interessa for bygningar og gjenstandar på museet kom meir og meir i bakgrunnen.

Bondelaget fann ikkje lenger å kunne ha ansvaret for samlinga, og vedtok å vende seg til kommunen med spørsmål om overtaking, utan at det vart noe resultat av det. På årsmøtet i 1983 vart det så bestemt at ein ville vende seg til Ryfylkemuseet, og det vart semje om å leme bygdemuseet inn i regionmuseet.



Etterpå vart gjenstandane registrerte. Dei som er med på det her er fár venstre: Heidi Helgeland, Svanhaug Helgeland, Jan Kristian Maribu (bak), Jarle Vestersjå og Anders Dahl.

Dette var eit verdfullt ledd i arbeidet med å bygge opp eit regionalt museumsstell i Ryfylke. Men det fører også med seg ansvar for ei vesentleg større samling enn det vi hadde frå før.

Største utfordringa ligg i å gjera samlinga betre tilgjengeleg for publikum. Men det er trøngt om plassen i husa på bygdemuseet, slik at det er ikkje rom for noen omfattande nyoppstilling av gjenstandane utan at ein del av tinga blir sette bort.

Alvorlegare er likevel problema med å ta vare på tinga. Husa har eit ukontrollert klima, som er til stor skade for enkelte materialgrupper som t.d. tekstiler, papir, ler og til dels også metall. Ein har og fått nye makk-angrep i enkelte tre-gjenstandar. Øvrige sikringstiltak er heller ikkje tilfredsstillande.

Registreringsarbeidet må dessutan førast vidare, slik at ein får ein skikkeleg katalog over gjenstandane med mest muleg av dei opplysningsane ein har om tinga samla på kort saman med bilete av tinga.

Desse og andre problem er det meininga Ryfylkemuseet nå skal prøve å gjera noe med saman med eit nytt museumslag for Erfjord. I dette arbeidet må ein prioritere det å ta vare på samlinga, men med fantasi og litt innsatsvilje skulle det og vera råd å setta i verk tiltak for å få brukt samlinga meir, til glede og inspirasjon både for Erfjord-buar og andre.

★ ★ ★

Karl Helgeland, Jørgine og Osmund Ramsfjell, Bjørn Harald Breivik, Jarle Halgunseth og Stavanger Aftenblad har hjelpt til med stoff og bilete til denne artikkelen.

# JELSA I SENTRUM FOR VERNEINTERESSENE

Få stader er så mange og verdfulle kulturminne samla på ein stad som på Jelsa. Det har lenge vore arbeidd med vernetiltak for desse minna, men først dei par siste åra har arbeidet tatt til å gi resultat. Ryfylkemuseet er engasjert i fleire av desse tiltaka.

Lenge før Ryfylkemuseet steig i land på Jelsa var det likevel viktig vernearbeid i gang der. Riksantikvaren sette i gang med restaurering av kyrkja alt i 1948, 200 år etter at ho var bygt. Først i 1958 var arbeidet ferdig, men da sto ho og fram som "eit av dei vakraste kyrkjehus som finns på bygdene i landet eksteriørmessig sett." Det var Valdemar Hansteen som sa det, arkitekten for restaureringsarbeidet.

## BARKELAND

Det neste vernetiltaket på Jelsa vart fremja av daverande konstituert fylkeskonservator Oddveig Foldøy. Ho fekk høve til å registrere ein heil del av inventaret på Barkeland, 457 nummer i alt. Ved testamentarisk gavé frå Olga Oppedal fekk Rogaland Fylkeskommune heile denne samlinga av verdfullt inventar i 1982. I praksis vart det ordna slik at Ryfylkemuseet skulle styre med samlinga, og det er nå gjort avtale med dei nye eigarane om tilsyn med tinga, og ein har og drøfta ein muleg leigeavtale for hovudbygningen på Barkeland, slik at tinga kan bli ståande i sitt rette miljø.

Føregangsmann var også Bjørn Larsson Barkeland (1797-1881), og det var han som bygde på hovudbygningen slik at han i hovudsak fekk den utsjåaden han har nå. Eldste delen av huset er truleg frå kring 1790, medan siste tilbygget kom i 1953-54.

Barkeland var ein stor gard med mye skog og eige sagbruk. Og namna på mange kjente menn i Jelsa er knytta til garden. Både far til Olga Oppedal, Thor Thorsen (1845-1908) og bestefaren, Ole Thorsen (1822-1904) var lensmenn i Jelsa. Ola Thorsen var dessutan vald inn på Stortinget ei rekke gonger frå 1854 til 1876. Han "var utan tvil ein av dei mest framskotne menn Jelsa har fostra", skriv Ola Foldøy i gards- og ættesoga.

Dei tinga som står i huset har ulike opphav og har kome til gards i ulike høve og til ulike tider. Her er kaffiserviset for 12 som Olga og Leiv Oppedal fekk til bryllaupet i 1938, med blomedekor i gull og svart, her er leopardskinn som



*Styret var på Barkeland for første gong i oktober. Her er dessutan med noen som ikkje var med på biletet av styret lenger framme. Nr. 4 frå venstre er Kåre Jordal, varamann frå Hjelmeland, nr. 6 er Stein G. Sægrov, fylkeskommunens representant i styret, nr. 7 er yngste son på Barkeland og nr. 8 er konsernator Roy Høibo.*


halvbror til Olga hadde med heim frå Syd-Amerika, her er rokokkostolar og regence-speil av finert mahogny på furu og er her rosemåla kister, mangletre og oppstadrokk. Ein del ting følgde nok med frå Furre i Sjernarøy då mor til Olga, Karen Malene Johannesdotter Furre vart gift med Thor Thorsen i 1872.

Meste av det store huset er fullt møblert med desse tinga. I så måte byr Barkeland på eit eineståande hove til å oppleve korleis ein framstårande familie i det gamle bygdesamfunnet levde. Meir autentisk og fullstendig er det umuleg å få eit museum. Den gåva som er stilt til disposisjon for det offentlege her har såleis verdi langt ut over den interessa som måtte knyte seg til dei einskilde gjenstandane i samlinga.

Samlinga på Barkeland kjem ikkje til å vera open for publikum til faste tider. Og sjølv om Kari og Bjørn Furre fekk eit heilt museum på kjøpet da dei overtok Barkeland i fjar, har ikkje dei noen plikt på seg til å drive som omvisarar i tide og utide. Det vi håper på er at Jelsa Museumsdag kan ta på seg å skipe til ymse samkomer i stovene og i hagen på Barkeland. Går det som planlagt er det allereide avvikla ei slik tilskiping før dette heftet kjem ut.


## BORGSTOVA

Museumsaget på Jelsa vart skipa i 1979. Det var Vilhelm Tveitarå som hadde ivra for å få dette til. Tanken hans var opphaveleg at den gamle borgstova på prestegarden kunne bli eit bygdemuseum for Jelsa, og han hadde allereide fått lovnaid på ymse ting til museet frå Barkeland.



*Det var ei stor gave Olga Oppedal stilte til rådvelde for det offentlege da ho ga det meste av inventaret på Barkeland til fylkeskommunen. Biletet er frå stova.*

På initiativ frå Charles Larson var borgstova målt opp av Riksantikvaren alt i 1975, og etter bistand med søknaden både frå Fylkeskonservatoren og Rogaland Folkemuseum svara departementet i 1977, at ein såg positivt på spørsmålet om å få nytte bygningen til bygdemuseum. Fylkeslandbruksstyret ga etterkvart samtykke til bortfeste av tomta, og saman med vegstyresmaktene kom ein fram til ei løysing på avkjøringane frå fylkesvegen som alle kunne vera med på, men andre problem kom likevel i vegen og framdrifta i saka stoppa.



*Borgstova på Jelsa er foreslått freda saman med det gamle eldhuset, prestebustaden og hagen på prestegården. Vona er vidare at borgstova kan bli stilt til disposisjon for museet og museumslaget.*

Nå er borgstova i seg sjølv så interessant at ho bør vernast same kva det kan bli tale om å bruke bygningen til i framtida. Slike hus sto som gjestehus på alle prestegardar tidlegare, men nå er det svært få att. Etter synfaring på Jelsa saman med Fylkeskonservatoren og Riksantikvaren i 1982 fremja museet derfor forslag om fredning av Jelsa prestegard, med borgstova, eldhuset og prestebustaden. Etterpå er forslaget blitt del av ei større prinsippsak mellom Staten og Riksantikvaren, men vi får nå, i januar i år, opplyst at Jelsa prestegard er med blant dei 25 prestegardane i landet som Riksantikvaren vil foreslå freda, og at forslaget om dette vil bli sendt ut i vår.

## RIIBERG-HUSET

Den Riibergske skule er det tredje av dei kulturverntiltaka, utanom kyrkja, som det har vore arbeidd med på Jelsa dei siste åra, og som Ryfylkemuseet har vore engasjert i.

Den Riibergske skule kom i gang i 1775 som eit resultat av ein stiftelse oppretta av Marcille Riiberg, niesa til Jelsapresten Mentz Blix. Skulen skulle m.a. vera lærarskule for omgangsskulelærarar, og var i sitt slag den første i Ryfylke.

I 1974 vart huset ståande tomt. Etter initiativ frå personalet ved Jelsa skule gjorde kommunestyret da vedtak om at Riiberg-huset skulle bli skolemuseum, og det vart vald ei nemnd med Hans Risa Johnsen som formann til å ta seg av arbeidet med istandsetting av bygningen og innsamling av gammalt skuleinventar.



På Jelsa ligg det hus frå 1700-talet på rad og rekke. Først Riiberg-huset, som nå er blitt skolemuseum. Brodersen-huset, som blir fint tatt vare på av ein privat eigar, og nedst mot sjøen Tjelheit-huset, eller Bjergsted, den gamle handels- og gjestgjevarstaden som står til forfall.


Arbeidet gikk helst godt. Det vart ytt tilskott både frå kulturrådet, kommunen og bankane, ein god del arbeid vart utført på dugnad, og i mars i fjor kunne ein markere opninga av skolemuseet ved ei tilstelling på bygdahuset.

Nemnda foreslo etter dette at den vidare drifta av skolemuseet burde leggast inn under Ryfylkemuseet, og så er skjedd, men ikkje etter kommunalt vedtak, slik alle trudde. Ved nærmare ettersyn viste det seg at det framleis var stiftelsen som åtte huset, og det er Den Riibergske Stiftelse, ved soknepresten i Jelsa, som nå har stilt huset til disposisjon for museet.

Heller ikkje skolemuseet vil det vera råd å halda ope til faste tider, men vi reknar med å få til ei ordning som gjer at skuleklassar og grupper skal få komma inn. Det har dessutan verdi at bygningen er tatt vel vare på, som ein viktig del av det bygningsmiljøet ein elles finn på Jelsaneset.

## FORSLAG OM VERNEPLAN


Her er nå omtala fleire kulturvernobjekt som det er gjort ein del for å verna om på Jelsa. I tillegg har Ryfylkemuseet sendt eit forslag til kommunen om å gjennomføre tiltak for å få til eit visst vern også om den øvrige busetnaden på Jelsalandet.



*Hans Risa Johnsen har vore primus motor i arbeidet med å få til skolemuseet på Jelsa. Her syner han fram ein salmodikon frå samlingane. Kateteret han står på er elles det første han sat under som skulelev og det første han sto på som lærar.*

Utgangspunktet for dette forslaget var den registreringa av "verneverdige områder i Ryfylke-regionen" som regionplankontoret for Ryfylke utførte i 1978, etter oppmoding frå Miljøverndepartementet og i samarbeid med Fylkeskonservatoren. Her er busetnaden på Jelsa-landet klassifisert både som "høg verneverdi" (Noresjøen) og "svært høg verneverdi" (området kring Bjergsted).

Det er ikkje mange andre stader i Ryfylke, om noen stad i det heile, ein finn ei slik samling av godt bevarte bygningar som på Jelsa, og med ei slik sosial breidd som ein her finn, frå strandsittarbusetnaden i Noresjøen via gjestgjevarstaden til prestegarden og Barkeland. Her er fullgodt med både antikvariske og kulturhistoriske grunnar til å utarbeide ein verneplan, men utan at ein førebels har fått gjennomslag for ideen i dei kommunale organa. Kanhende har det samanheng med at forslaget vart kopla saman med forslag om å utarbeida verneplanar også for Nordenen på Sand og for gamle Osen på Suldalsosen, der det ser ut til å vera enda mindre forståing for at det er trong for noen verneplan.



*Ryfylkemuseet har foreslått at det blir laga ein verneplan for Jelsa. Den bør også omfatta Noresjøen, der dette biletet er i frå.*

Frå Riksantikvaren blir det uttrykt sterkt interesse for å få til ein kombinasjon av ei freding og ein verneplan for Jelsa, som kan sikre bevaring, ikkje berre av enkelte hus, men av sjølvé samansettinga av busetnaden. Vi håper det skal lukkast å komma eit steg vidare med dette i inneverande år, slik at arbeidet med istandsetting og utbetring av m.a. borgstova kan komma i gang før fallat kjem altfor langt.

★ ★ ★

Meir stoff om Jelsa og Barkeland kan ein finne i bygdebøkene til Ola Foldøy, Jelsa I og II, der det og er henta opplysninga til denne artikkelen.

# ARBEIDAREN PÅ MUSEUM

I dei siste kulturmeldingane, og i fylkeskulturplanen for Rogaland, blir musea minne om at dei bør kjenne eit ansvar for andre grupper og, enn dei som til nå har fått bakgrunnen sin registrert og dokumentert og stilt ut i samlingane.

Sjølv for eit ryfylkemuseum må dette vera ein tankevekkar. Ser ein regionen under eitt er det lenge sidan primærnæringane dominerte arbeidslivet. I 1970 hadde 40% av dei sysselsette arbeidet sitt i industri og anlegg, snaue 30% i jordbruk, skogbruk og fiske og vel 30% i andre næringar. Hjelmeland og Suldal er framleis jordbrukskommunar i statistikken, men periodevis og for tida sterkt prega av vasskraftutbygging. Sauda og Strand er utprega industrikommunar.

To tiltak vil vera med på å etterkomma dei måla som er sette fram i kulturmeldingar og -planar om ei utviding av interesseområdet for vår del. Det eine er arbeidet med verneplanen og museet i Åbø-byen i Sauda, det andre er arbeidet med å få til eit vasskraftmuseum i Suldal.

## ÅBØ-BYEN

Også Åbø-byen har ei forhistorie der både Fylkeskonservator og Riksantikvar var involvert. Det var dei som i 1980 rådde til at det vart utarbeidd ein "verne- og bruksplan" for Åbø-byen. Men det var først da sogelaget, Ryfylkemuseet og engasjerte enkeltpersonar tok saka på alvor året etter at det blei fart i saken.

Våren 1981 vart det etablert eit utval med representantar frå formannskapet, kulturminnenemnda, fabrikarbeidarforeningen, funksjonærane, sogelaget og museet og med Aslaug Astad frå kulturstyret som formann. Utvalet hadde første møtet sitt 15. juni og har sidan hatt 15 til.

Stor var gleda da Sauda kommunestyre i sitt møte 21. april 1983 samrøystes vedtok den reguleringsplanen og det utbetringsprogrammet for Åbø-byen som utvalet hadde stelt til. Dermed var første steget i arbeidet med å ta vare på minne frå industrisamfunnet tatt. Det neste ville vera å få etablert eit museum i Håkonsgt. 51-53, som låg høveleg til for formålet.

Og betre gikk det ikkje enn at også dette ser ut til å lukkast. Sauda Smelteverk ga bort huset til Sauda kommune i fjor, og kommunen har nå bedt Ryfylke-



*Arbeidarbustaden Håkonsgt. 51 — 53 i Åbø-byen i Sauda skal bli museum, og første arbeidsoppgåva for eit nytt museumslag i Sauda. Biletet er tatt sommaren 1983.*


museet ta på seg oppgåva med å få til eit museum her i samarbeid med eit nytt Sauda Museumslag som vil bli skipa så snart formalitetane kring disponeringa av huset er i orden.

Åbø-byen er eit bustadområde med vel 100 hus, som er reist av Sauda Smelteverk for å huse arbeidarar, funksjonærar, ingeniørar og direktørar. Dei første husa vart bygde alt i 1916-17, og det er eit av desse aller første husa som nå er stilt til disposisjon for museet. Seinare har det pågått utbygging periodevis heilt fram til i 70-åra.

I dag er Åbø-byen blant dei best bevarte bustadområda for arbeidarar og funksjonærar vi har frå utbygginga av den kraftkrevjande industrien her i landet. Gjennom verneplanen og utbettingsprogrammet, kombinert med tilbod om ei viss rettleiing for dei som kjøper desse husa og vil pusse dei opp, håper vi å kunne bevare det meste av særpreget ved byanlegget.

Dei meir detaljerte måla for museet må utarbeidast saman med folk frå Sauda, men det er klart at det er industriarbeidaren som vil vera det sentrale utgangspunktet i første omgang. Det er ein arbeidarbustad som er stilt til rådvelde, og det er naturleg å starte med dokumentasjon av dei arbeidsplassane som er særmerkte for smelteverksindustrien.

Det vil likevel vera galt å gløyme dei som har arbeidet sitt i administrasjonen og leiinga av ei slik verksemد og dei sekundærnæringane som er knytta til bedriften. Soga til industrisamfunnet omfattar også dei. Det meir langsiktige målet bør kanskje vera at eit framtidig nybygg kan gi rom for ei samla framstilling av den nære fortida til Saudasamfunnet.



*Wergelandsgt. i Åbø-byen i 1921. Framleis er mange av dei arkitektoniske kvalitetane ved byanlegget i behald, og ein håper verneplanen vil bidra til å sikre resten for ettertida.*

## ULLA-FØRRE


Det var også i 1981 at tanken om å dokumentere noe av den vasskraftutbygginga som har gått føre seg og framleis pågår vart lufta første gongen. Men det var først på nyåret i fjor at tanken tok til å få konkret innhald. Ei arbeidsgruppe arbeidde nokså intenst med planane for det som kom til å bli kalla eit vasskraftmuseum på ettermilnen i fjor, og kunne i mars legge fram eit notat om eit slikt museum. Museumsstyret fann planane interessante, og notatet vart sendt Statskraftverka, Fylkeskommunen og Suldal kommune med spurnad om å delta i den vidare planlegging av museet.

Responsen var ikkje overveldande. Berre kommunen svara positivt, men til gjengjeld så positivt at det i skrivande stund ser ut til at kommunen vil stille lokale til rådvelde slik at innsamlinga av materiale til eit vasskraftmuseum kan komma i gang. Sidan här dessutan Fylkeskulturstyret løyvd pengar til eit feltarbeid og anlegget har sagt seg villige til å hjelpe til med praktiske gjeremål. Grunnlaget er såleis lagt for eit vasskraftmuseum tufta på lokalt initiativ. Så får vi håpe på større velvilje hos meir sentrale organ når materialmengda tek til å vekse. Argumenta for eit vasskraftmuseum nettopp i Suldal skulle i alle høve vera gode.

I første omgang kjem vi til å konsentrere oss om Ulla-Førreanlegga fordi det er her utvegen til å få tak i interessant materiale frå anleggsperioden er størst.



Så langt var dei komne med reisinga av Åbø-byen i februar 1917. Biletet syner og godt byggemåten.



Anleggsbusen har sine eigne tradisjonar. Også dei må ein prøve å få tak i. Her er det skåling på røysta etter tunnelgjennomslag.

Vi vil prøva å konsentrere innsamlinga om eit avgrensa utval representative jobbar, og samle gjenstandar, foto, kart, modellar, dokument og intervju-  
materiale som kan kaste lys over desse jobbane. Til saman håper vi at eit slikt materiale seinare skal kunne gi eit godt bilete av kva vasskraftutbygging er for noe, sett både fra den tekniske, økonomiske og menneskelege sida. I tillegg ligg heile anlegget der med nordens og europas og verdas største byggverk i si-  
ne slag.

Eit museum av folkemuseumstypen gir seg inn på ukjent mark når ein opnar dørene for industrihistorien. Vane som vi er med å stå med eitt bein i nasjonalromantikken og det andre i makkamjølet er det ikkje godt å vita kva ein skal ta seg til framfor ein smelteomn eller ein truck på 3 etasjer.



Biletet av Gerd Karin Øvsthus med sin 85 tonns dumper er brukt som karakteristisk illustrasjon i fleire artiklar om planane for eit vasskraftmuseum. Bileta frå Ulla-Førre er tatt av Jostein Granli.

Vi er likevel ikkje heilt aleine i verda med slike problem. Så nærme som på Utne sit Hardanger Folkemuseum og balar med materiale frå eit omfattande feltarbeid i Tyssedal, i Stavanger har vi både Hermetikkmuseet og Oljemuseet og museumsforbundet (NKKM) har tatt problemet på alvor og skipa til fleire seminar om arbeid med slikt materiale.

I begeistringa for arbeidaren og samtida skal vi likevel ikkje gløyme alle dei andre gruppene som framleis står utanfor den aktive dokumentasjonen av fortida som musea driv med. Og i flukta frå primærnæringane må vi ikkje gløyme at sjøbruket framleis er eit svart hol i samlingane til musea. Men vi kan ikkje rekke med alt. Skal vi få til eit meir ansvarleg og systematisk museumssarbeid enn det vi driv med krev det større vilje og evne til samarbeid mellom musea enn det har vore råd å komma fram til hittil.

★ ★ ★

Meir stoff om Åbø-byen kan ein finne i årsskiftet for Sauda Sogelag 1981.

# Årsmøte 1984

Årsmøte blir halde på Sjøhuset, Sand  
torsdag 29. mars kl. 19.30

## Sakliste:

1. Konstituering
2. Årsmelding 1983
3. Rekneskap 1983
4. Medlemspengar 1985
5. Budsjettsøknad 1985
6. Vedtektsendring
7. Val

Etter årsmøtet blir det kaffi, og så vil konservator Harald Hamre frå Stavanger Museum — Sjøfartsmuseet, fortelja om dei marinarkeologiske utgravingane ved Ottøy sist sommar og vise bilete frå arbeidet.

Det går ferge frå Ropeid kl. 17.30, retur seinast kl. 22.15. Frå Tøtlandsvik går det ferge som høver kl. 16.45, retur frå Windsvik seinast kl. 23.10.

Vel møtt!

Styret

# ÅRSmelding

Med vedtaket om namneendring stadfesta årsmøtet 1983 omgjerings av Rogaland Folkemuseum til eit regionmuseum for Ryfylke slik fylkeskommunen hadde gjort vedtak om allereide i 1981. Samstundes vart føremålsparagrafen og ymse andre punkt i vedtekten justerte i samsvar med dei nye oppgåvene, og samlingane på Jæren var overdratt til Hå bygdemuseum. Både det formelle og det praktiske grunnlaget var dermed lagt for å gå vidare med oppbygginga av eit regionalt museumsstell i Ryfylke.

Enkelte vil meine at dette var urett mot dei ideane og det engasjement som var lagt ned i oppbygginga av Rogaland Folkemuseum som eit bygningsmuseum for Rogaland. Styret, og med støtte frå eit samla årsmøte, meiner at det var eit både rett og nødvendig steg for å komma vidare ut frå det grunnlaget som var skapt innanfor ramma til Rogaland Folkemuseum.

Allereide i årsmeldinga for 1982 kunne styret melde om sterkt auke i aktiviteten ved museet, stor tilgang av nye medlemmer og nesten ei dobling av disponibele midlar i høve til året før. I år er det den organisasjonsmessige styrkinga som pregar årsmeldinga. Nye samlingar er lemma inn i museet og nye museums slag er under oppbygging.

Ryfylkemuseet er i dag eit museum med bygningar og samlingar på 15 ulike stader i regionen, og med såvel kulturhistorisk som sosialhistorisk bredde i engasjementet. Mange spørsmål er framleis uløyste og mange oppgåver vil enda koma til, men omforminga av museet er fullført, nå gjeld det å gi den nye forma fullverdig innhald.

## ÅRSMØTET

Årsmøtet vart halde i sjøhuset på Sand den 11. mars, og aldri har så mange vore til stades på noe årsmøte i museet. Over 40 medlemmar hadde funne vegen til møtet.

Dei ordinære årsmøtesakene vart behandla utan særleg diskusjon eller merknader, medan det under punktet om vedtektsendringar kom ymse alternative forslag. Etter enkelte endringar kunne vedtekten likevel godkjennast samrøystes.

Under posten innkomne saker slutta årsmøte seg til eit forslag frå Suldal Museumslag om å be Suldal kommune ta omsyn til museumsinteressene ved den pågåande revisjonen av generalplanen.



Årsmøtelokalet i januar. Det er meininga og opne jubileumsutstilling for Archer og andre engelske her til påske. Det er Gaute Berge Nilsen som held på å registrere laksestenger.

Frå Nils Paul Fisketjøn vart det oversendt styret ei oppmading om å ta opp att arbeidet med planane for eit permanent museumsbygg.

Til innleiing av årsmøtet song Halldor Iverflaten eit par viser og etter kaffi og mat synte Roy Høibo lysbilete frå eit stipendreise til svenske museer.

## **STYRET**

Styret har etter årsmøtet vore samansett slik:

Frå Hjelmeland:

Ola Meltveit (formann), til 1985

Jan Ommundsen, til 1984

Frå Suldal:

Børge Skeie, til 1985

Ommund Berge, til 1984

Frå Sauda:

Tone Årthun, til 1984

Olav I. Oftedal, til 1984

Oppnemnt av fylkeskommunen: Stein G. Sægrov

Varamedlemmar valde for eitt år:

Frå Hjelmeland:

Kaare Jordal

Frå Suldal:

Gunnvor Bakka

Borghild Moe

Frå Sauda:

Aslaug Astad

Personleg varamann for Stein G. Sægrov: Terje Eriksmoen

Dei som gikk ut av styret på årsmøtet var styremedlemmane Sverre Kvadsheim, Hå og Einar Sæland, Gjesdal og varamedlemmane Inga Marie Rygh, Suldal, Målfrid Grimstvedt, Sola og Knud O. Staurland, Hjelmeland.

Styret har hatt 5 styremøte i meldingsåret og 1 samrådingsmøte med NKKM's landsdelskomite for Vestlandet (Vestlandskomiteen).

Det er i alt handsama 49 saker. Som referat og meldingar er det lagt fram 36 saker. Både talet på møte og saksmengda har auka monaleg sidan førre meldingsåret.

## **MEDLEMMANE**

Museet har ved utgangen av meldingsåret 295 medlemmar. Det er 86 fleire enn ved førre årsskiftet. Det er likevel ikkje skipa nye museumslag dette året, men grunnlaget skulle nå vera til stades for å skipe slike fleire stader.

Oversikten nedanfor syner talet på dei som har betalt medlemspengar for 1983, tala for 1982 står i parentes:



På Kolbeinstveit har Suldal Musumslag skipa til fleire dugnader. På denne er Thoralv Vandvik, Ommund Berge, Albert Moe, Bjørn Eikeland, Gyrid Bakka, Gunnvor Bakka og Valborg Berge med.

|                   |    |            |
|-------------------|----|------------|
| Sauda             | 45 | (29)       |
| Suldal, direkte   | 93 | (59)       |
| Suldal museumslag | 61 | (57)       |
| Jelsa museumslag  | 11 | <u>165</u> |
| Hjelmeland        | 35 | ( 3)       |
| Strand            | 1  | ( 1)       |
| Forsand           | 1  | ( 1)       |
| Stavanger         | 23 | (26)       |
| Jæren             | 18 | (23)       |
| Andre             | 7  | ( 9)       |
|                   |    | <u>295</u> |

Suldal museumslag har skipa til ei kveldssete i samband med årsmøtet sitt, og har elles organisert fleire dugnader på Kobeinstveit. På Jelsa har ein og hatt årsmøte. Det er elles skipa til medlemskveldar på Sand og i Marvik.

## PERSONALET

Museet fekk ikkje imøtekome sine søknader om opprettning av nye stillingar for handverkar og kontorhjelp i 1983, og har framleis berre 2 stillingar.

I stillinga som styrar/ konservator er tilsett **Roy Høibo**, medan **Gaute Berge Nilsen** er tilsett som museumsassistent. Nilsen har hatt permisjon i omlag 3½ månad for å avtene sivil tenesteplikt.



Museet har vore aktivt med for å få i gang foreninga Museumsarbeidere i Rogaland. Her er dei som var med på møtet på Sand i oktober der frivillige innsats var temaet.

Utanom dei ordinære museumsoppgåvene har Høibo deltatt på eit seminar om dokumentasjon av samtid og nær fortid skipa til av NKKM i Oslo, på års-møtet til NKKM i Tromsø, på eit museumsmøte i Stavanger skipa til av Fylkeskulturstyret og på eit seminar om innsamling av folkemusikk i Rogaland. Han har også vore med og førebudd skipinga av foreninga Museumsarbeidere i Rogaland. På oppdrag frå NKKM har han vore medlem av den sakkundige komiteen ved tilsetting av konservator ved Nordfjord Folkemuseum og han er medlem av ein komite som skal utarbeide eit handlingsprogram for dokumentasjon av industriverksemid sett ned av NKKM.

Nilsen har deltatt i to seminar skipa til av foreninga Museumsarbeidere i Rogaland, det eine på Sand om frivillig innsats i museumsarbeidet og det andre i Stavanger om utstillingar i musea.

Attåt det faste personalet har museet engasjert følgjande personar til særskilte oppgåver:

**Maria Nilsen** og **Målfrid Overskeid** som vakter på Sand.

**Berit Helle** som reingjeringsassistent på Sand.

**Aina Aske** og **Marit Gro Ekne Ruud** til gjenstandsregistrering på Kolbeinstveit.

**Sigmund Vik** og **Eirik Hoftun** til vedlikehaldsarbeid på Kolstveit.

**Hjelmeland bondekvinnelag** som vakter på Viga og medlemmar av **Suldal Museumslag** på Kolbeinstveit og Røynevarden. Utanom opningstidene har **Sven Randa** og **Ommund Berge** hatt omvisingar i bygdetuna.

Som tilsynsmenn har museet **Ommund Berge** for Kolbeinstveit, **Sigurd Foss** for Kvednahola og **Øystein Randa** for Viga.  
Rekneskapen er ført av reknesakskontoret, Sand Sparebank.

## ADMINISTRASJON OG ORGANISASJON

Ryfylkemuseet er eit museum i endring. Det fører med seg meir arbeid med organisering og administrering av verksemda enn ved eit museum som har funne si form.

1983 er likevel eit år der ein for første gong på fleire år har hatt kontor på same staden heile året. Det har gitt ein lenge etterlengta ro til å konsentrere seg om dei eigentleg oppgåvene, i staden for heile tida å arbeide for å legge forholda til rette for dette arbeidet, noe som også har resultert i auka aktivitet. Museet saknar likevel permanente lokale for ein del sentrale funksjonar som administrasjon, bibliotek, arkiv, verkstader for reparasjonar, konservering og fotografering, forskning og undervisning og magasin for gjenstandar som må sikrast og oppbevarast på særleg tilrettelagt måte. For lokala i sjøhuset på Sand er det førebels berre inngått ein avgrensa leigeavtale, som gjeld fram til 31/12-1986, med rett til fornying i ytterlegare 5 år.

Styret har ut frå dette drøfta mulege utbyggingsalternativ ved fleire høve. Særleg aktuelt vart dette etter at Suldal kommune ikkje fann å kunne gå inn for erverv av Bjørkeneset ved Kolbeinstveit til museumstomt. Problema er m.a. lagt fram for Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museers landsdelskomite for Vestlandet, som seinare vil komma til å behandle ein eventuell søknad om tilskott til eit museumsbygg frå Norsk Kulturråd. I ein uttale til museet etter ei synfaring i Suldal og møte med styret skriv komiteen m.a.:

*Av de alternativer for plassering av en slik felles enhet som komiteen fikk se ved befaring og diskutere med styret, fant komiteen at Sand ubeitinget gir de beste muligheter for en slik enhet til å løse de oppgaver den skal tillegges. Med sin sentrale plass i Ryfylkemuseets arbeidsområde vil alle enhetene sett under ett være best tjent med en plassering på Sand. For eksempel vil en fullt forsvarlig drift av Kolbeinstveit lett kunne administreres fra Sand.*

I arbeidet med omorganiseringa av verksemda er fleire mål nådd dette året. Det viktigaste er vedtektsendringane som stadfestar oppgåvenen våre som regionmuseum for Ryfylke, og dei endringane i styresamansettina som følgde av dei.

Dernest er viktige lokale samlingar i Jelsa, Erfjord og Sauda innlemma i museet med den styrkinga det gir for det regionale perspektivet ved verksemda vår, og dei utvegane som dermed har opna seg for eit betre og meir markert museumsstell i regionen. Det gjenstår å gi desse nye avdelingane organisjonsmessige uttrykk i form av nye museumslag og betre medråderett i styringa av museet.

I samarbeid med tilsette og andre som har vore engasjerte i Ulla-Førre-utbygginga er det tatt initiativ for å skipe eit vasskraftmuseum i Suldal som ei avdeling i Ryfylkemuseet. Fylkeskulturstyret har støtta tiltaket med ei om-



Norske kunst- og kulturhistoriske museers landsdelskomite for Vestlandet (Vestlandskomiteen), som handsamar søknader til Norsk Kulturråd om tilskott til museumsbygg, vende tommelen ned for Kolbeinstveit. Her er dei fotograferte på hammaren ovanom Kolbeinstveit-tunet. Frå venstre arkitekt Kåre Frølich, museumsdirektør Lauritz Pettersen og professor Per Gjærder.


fram løyving til igangsetting av innsamlingsarbeid og ein har god von om at Suldal kommune vil hjelpe til med førebels plass for lagring av gjenstandsma-teriale.

Det er halde ei rekke møte og vore ei rekke synfaringar i samband med dette arbeidet. I slike ærend og i andre oppdrag for museet har konservatoren hatt i alt kring 70 reisedagar og assistenten 14. Det er litt mindre enn i fjor.

Den utgåande korrespondansen er auka med 60% i høve til fjoråret. I alt er det skrive 315 brev, ein del av desse er mangfaldiggjorte, slik at det i alt er sendt 830 brev frå museet. I tillegg er det sendt 1010 brev som gruppekors-band.

## TILOKST

Utanom den store tilveksten som følgjer av innlemminga av Jelsa skulemuse-um, Erfjord bygdemuseum og museumssamlingane i Sauda i Ryfylkemuseet, har vi også mottatt ei rekke gåver i meldingsåret. Her følger ei liste over gje-varane i den rekkefølgja gåvene er komne inn:



*Stølsbua i Slettedalen er blant dei bygningane som nå er innlemma i Ryfylke-museet. Bua er restaurert etter at dette biletet blei tatt og er nå i god stand.*

Ruth Nielsen, Einar Halvorsen, Grete Holmboe, Bjørg Jørgensen, Sigrid Lagarhus, Lars Våge, Gabriel Roalkvam, Tomas Finnvik, Nora Eide, Albert Moe, Tjerand Bratland, Rasmus J. Mikkelsen, Tor Valskår, Nicolai Aartun, Lars Ropeid, Edv. Marvik, Helga Møgedal, Borghild Moe, Olav Vandvik, Gunnar Vela, Rubin Abrahamsen, Magla Lagarhus dødsbu, Thorleiv Helland, Gaute Berge Nilsen, Trygve Kvæstad og Tormod Hoftun.

I tillegg er det kjøpt inn noen gjenstandar frå dødsbuet etter Gudrun Pedersen.

Ein del midlar kunne i meldingsåret disponerast til registreringsarbeid, og det vart registrert omlag 500 gjenstandar på Kolbeinstveit. Museumsassistenten har dessutan registrert ein del av tilveksten og det gjenstandsmaterialet som var lånt inn til utstillinga "Då besta va' ung." Teikningsmaterialet etter arkitekt Helland frå Åbø-byen er og ordna og arkivert.

Det samla talet på gjenstandar i museet ei eiga har vi ikkje oversikt over, men vi vil tru det dreier seg om kring 3.000. Det er såleis ikkje noen stor gjenstandssamling museet eig. Den største enkeltsamlinga er nå den i Erfjord Bygdemuseum. Ved ei førebels registrering av elevar ved Erfjord skule har ein der registrert ca. 1.500 nummer. I tillegg rår museet over fylkeskommunens samling på Barkeland. Inventaret på Viga tilhører den tidlegare eigaren.

I tillegg til tilveksten av gjenstandsmateriale har det kome til ein del intervju-materiale. Ein har, rett nok i avgrensa omfang, kome i gang med livslaupsintervju med eldre folk. Saman med det som tidlegare er samla inn har ein nå 25 lydband med slikt materiale. Heller ikkje det er noen stor samling, men ei viktig byrjing på oppbygginga av denne typen materiale.



*Magnus Skibevaag og Olav Vandvik var mellom dei som sette kveik i folke-musikktildelinga på museet i oktober.*

Etter avtale med Rogaland Folkemusikkklag tek museet vare på det materialet dette laget samlar inn, d.v.s. lydband med opptak av musikk, song og minne-materiale og registreringar av folkemusikkinstrument. Ein håpar dette kan bli byrjinga til eit folkemusikkarkiv for Rogaland.

Museet har elles hatt ein tilvekst på 72 bøker og eit 100-tal tidsskrift. Klypparkivet har hatt ein tilvekst på omlag 300 avisutklypp.

Det er tatt 1372 fotografi i meldingsåret, av desse 155 foto som avfotografering av gamle bilet og 650 som registreringsfoto. Dei øvrige gjeld i stor grad foto frå eigne anlegg og aktivitetar og frå andre objekt som museet har arbeidd med. Til ein viss grad er det dessutan utført fotografering som dokumentasjon av byggeskikk og gamle handverk. Det meste er svart/ kvitt bilet, men er og tatt eit 100-tal lysbilete.

Registreringa av dei innkomne biletta frå fotoinnsamlinga i Suldal i 1982 på fotokort er fullført, likeeins registreringa av Archersamlinga, biletta frå Sand bondekinnelag og frå Nils Bråteits dødsbu.

## **VEDLIKEHALD**

På Kolbeinstveit er taka på svolene til løa lagt om, og det er rydda opp etter tidlegare arbeid i løa.

På Røynevarden og i Kvednahola er det utført impregneringsarbeid.



*Aina Aske og Marit Gro Ekne Ruud registrerte og fotograferte 500 gjenstandar på Kolbeinstveit sist sommar.*

Dette er alt som er utført av vedlikehaldsarbeid i meldingsåret, og det er svært lite for eit museum som har 50 hus å ta vare på. Problemet har vore å få tak i kvalifisert arbeidskraft til dei tider da det har vore mest høveleg å drive med slikt arbeid.

Ut frå dei røynslene dette har gitt har styret derfor gått til det skritt å engasjere ein handverkar i eitt år frå april 1984. Ein håper da å få utført etter måten store arbeid på Viga og omlegging av løetaket på Kolbeinstveit.

Den nærmaste tida deretter vil dei viktigaste vedlikehaldsoppgåvene vera knytte til Kolbeinstveitsølane, hovudbygningen på Kolbeinstveit, løa på Røynevarden og naustet i Båtsvikjo, ved sidan av at det alltid vil ligge føre ei rekke mindre vedlikehaldsoppgåver.

## UTOVERRETTA TILTAK

På Kolbeinstveit har det vore ope 11 søndagar i sommarsesongen, på Viga 10 og Røynevarden 5 søndagar. På Sand både laurdagar og søndagar, tilsaman 22 dagar. Alle stader har det dessutan vore ein del trafikk utanom opningstidene.

Talet på betalande gjester har vore kring 1200 vaksne og vel 200 ungar. Så langt ein har oversikt over fordelar besøket seg slik:

|               |            |         |
|---------------|------------|---------|
| Røynevarden   | 69 vaksne  | 17 barn |
| Kolbeinstveit | 208 vaksne | 65 barn |
| Sand          | 502 vaksne | 84 barn |
| Viga          | 194 vaksne | 53 barn |



*Løa på Kolbeinstveit fekk ny bru ein dognadslaurdag. Jan Møgedal, Bjørn Eikeland og Gaute Berge Nilsen gjorde jobben.*

Det samla talet på betalande gjester er ein del høgare enn i fjar, men det er framleis små tal det dreier seg om. I tillegg til desse tala kjem dei som har vore med på dei særlege tilskipingane, og skuleklassar, som går gratis.

På Kolbeinstveit blei det, i samarbeid med museumslaget, tatt eit skippartak for å få innreiinga i hovudbygningen meir i samsvar med slik ein meinte det kunne ha sett ut i siste halvdelen av førre hundreåret. Museumslaget skipa til kveldssete i samband med årsmøtet i februar, og deltok med nye innslag på Olsokstemna. Det siste vart dessverre skjemma av därleg ver.

På Sand er det utstillingen "Då besta vå' ung" som har stått. Denne blei tatt ned seinhaustes og var då sett av i alt 1400 personar, av desse omlag 500 ungar, mellom dei 24 skuleklassar.

På Sand er det elles skipa til 2 medlemskveldar, ein i februar og ein i desember. I oktober vart det i samarbeid med Rogaland Folkemusikkklag skipa til eit folkemusikk treff og i samarbeid med Museumsarbeidere i Rogaland vart det skipa til eit museumseminar.

I Marvik vart det skipa til eit medlemsmøte i november.

I samband med Ryfylkemessa på Sand i september vart museet bede med på utstillingsplassen til Suldal kommune, og sette der opp ein fotomontasje om museet og det vi arbeider med.

Konservatoren har halde foredrag på medlemsmøta til Imsland Bondekvinne-lag og Sauda Bondekvinne-lag, på årsmøtet til Rogaland Bondekvinne-lag, på stemne skipa til av stiftelsen Tveit-tunet, for deltakarar på pensjonistkurs på Lindum og førelsing for kultur- og fritidsstudentar på Rogaland distrikts-høgskole. Museumsassistenten har halde foredrag på eit foreldrerådsmøte på Sand og på ei jubileumstilstelling på Ryfylke Folkehøgskule.

Museet har stelt til nye faldalar for Viga, Kolbeinstveit og Røynevarden. Rapporten frå det innsamlingsarbeidet Tryggve Brandal gjennomførte om frukt-



Utstillinga "Då besta va' ung" trekte mange grupper til museet. Her er eit av dei mange bondekvinnelaga som kom. Time og Orre bondekvinnelag.




24 skuleklassar var og på sjøhuset i fjor. Dette er 5. klasse får Vinjar skule.

og bærdyrking i Hjelmeland i 1982 er trykt i eit avgrensa opplag. Konservatoren har elles skrive om museet og tiltak det er arbeidd med i dei lokale og regionale avisene, i Fortidsvern, Museumsnytt, Fossekallen og Ulla-Førre-posten forutan ein noe større artikkel om jernbaneplanar i Ryfylke i årsskriftet for Sauda Sogelag.

For Rogaland Bondekvinnelag er det utarbeidd ein studieplan for teksthøftet "Då besta va' ung". Denne blir nå tilbydd som studiering gjennom Bygdefolks Studieforbund.

Utanom eigenprodusert stoff har både avisene og NRK-Rogaland gitt museet mye velvillig omtale.



Museet har hjelpt til med å fremja søknad om tilskott til vernetiltak for Nesa-sjøhuset på Sand, heilt til venstre på dette biletet, og har ells foreslått at det blir utarbeidd ein verneplan for heile nordenden. Sjøhuset heilt til høgre er det museet held til i nå. Biletet er tatt av Gaute Berge Nilsen for noen år siden.

## HJELP TIL ANDRE

Ein viktig del av den utoverretta verksemda er den hjelpa museet yter til andre. I 1983 var dette av ein nokså stort omfang.

Det største oppdraget vi tok på oss var ominnreiing av stovehusa på Grødal-land for Hå bygdemuseum. Her vart det lagt ned 15 dagsverk, av desse betalte bygdemuseet for 10.

Ein del tid er og brukt til å hjelpe til med finansiering og praktiske ting i samband med restaurering av Lølands-bua, utgreiing av kulturverninteresser i samband med forslag til trase for 420 KV-leidning Kvilldal — Flesaker, rettleiing om innreiing av nytt utstillingslokale for Randaberg Bygdemuseum, viderføring av vernearbeidet i Åbø-byen og innreiing og opning av skulemuseet på Jelsa.

Avg mindre omfang er hjelp med ymse vurderinger og søknader vedrørande vernetiltak for Nesa-sjøhuset og Rasmussen-samlinga på Sand, Kjølviksamlinga og naustet på Nota-holmen i Vatlandsvåg, Handelandsbrua i Hellandsbygd, stolpebua på Vik i Klepp og hovudbygningen på Meling i Sola. Det blir og svara på ein del førespurnader over telefon eller ved besøk på kontoret.

Ein del av denne typen arbeidsoppgåver blir utført etter oppmoding frå eller i samarbeid med Fylkeskonservatoren og Riksantikvaren.

Sand, 19. januar 1984

Ola Meltveit  
formann

---

Roy Høibo

# REKNESKAP FOR 1983

## Driftsrekneskap

### INNTEKTER:

|   |         |
|---|---------|
| Bilettinntekter                         | 6.622   |
| Salsinntekter (publikasjonar m.m.)      | 10.640  |
| Driftstilskott fylkeskommunen           | 572.858 |
| Investeringstilskott fylkeskommunen     | 11.200  |
| Refusjon Hå kommune                     | 7.170   |
| Renteinntekter driftskonto              | 6.868   |
| Renteutgifter driftskonto               | 115     |
| Sum inntekter innafor tilskottsordninga | 615.243 |

### UTGIFTER:

|   |         |
|---|---------|
| Varekjøp  | 1.807   |
| Løner   | 246.538 |
| Arbeidsgjeveravgift og pensjon  | 50.010  |
| Innkjøp og vedlikehald  | 296.548 |
| Kontorutgifter inkl. kontorhjelp Suldal kommune og<br>reknesaksføring | 61.069  |
| Straum, husleie og forsikringar                                       | 79.890  |
| Reise- og transportutgifter   | 77.490  |
| Vedlikehald samlingar og utstyr, reklame og foto                      | 51.845  |
| Vedlikehald samlingar og utstyr, reklame og foto                      | 33.932  |
| Sum utgifter innafor tilskottsordninga                                | 602.581 |
| Resultat innafor tilskottsordninga (overskot)                         | 12.662  |

### ANDRE DRIFTSKONTI:

|  |        |
|--|--------|
| Medlemskontingent                            | 6.950  |
| Gåver  | 13.472 |
| Renteinntekter fondsmidlar                   | 4.525  |
| Sal husflidsvarer m.m.                       | 4.345  |
| Sum inntekter utafor tilskottsordninga       | 29.292 |
| Kjøp husflidsvarer m.m.                      | 2.615  |
| Resultat utafor tilskottsordninga (overskot) | 26.677 |
| Overført eigenkapital                        | 39.339 |

**BALANSE:**

|                   |         |
|-------------------|---------|
| Kasse             | 2.186   |
| Postgiro          | 204     |
| Folio             | 143.658 |
| Bankinnskot       | 110.307 |
|                   | 256.355 |
| Overført tilskott | 126.900 |
| Eigenkapital 1/ 1 | 90.116  |
| Driftsresultat    | 39.339  |
|                   | 129.455 |
|                   | 256.355 |

Sand, 31. desember 1983/ 19. januar 1984

Ola Meltveit

*formann*

---

Nils Torsteinsbø

*rekneskapsførar*

# MEDLEMSPENGAR 1985

Medlemspengane har lenge vore dei same, ettersom ein ikkje har hatt noen publikasjon å tilby medlemmane sidan siste årgangen av årboka for Rogaland Folkemuseum kom ut i 1979.

I samband med planane om å komma i gang att med ein publikasjon vart medlemspengane for i år auka til 45 kroner. Dette er framleis ikkje nok til å dekke kostnadene med trykking og utsending av den publikasjonen vi nå har komme i gang med. Føresett at ein også dette året får ein del nye medlemmar er det likevel ikkje nødvendig med noen drastisk auke i medlemspengane.

Styret foreslår ut frå dette følgjande medlemspengar for 1985:

|                                    |          |
|------------------------------------|----------|
| Hovudmedlem (inkl. FOLK i Ryfylke) | kr. 65,- |
| Familiemedlem                      | kr. 25,- |

# BUDSJETTSØKNAD 1985

Både frå Fylkeskommunen og Staten har det kome klare signal om at musea ikkje må venta auke i løyvingane dei nærmaste åra. Budsjetsøknaden er sett opp ut frå denne føresetnaden.

Museet bør likevel ta opp att sine søknader om oppretting av nye stillingar for kontorhjelp og handverkar. Ein kan ikkje få til noe tilfredsstillande museumssarbeid på regionnivå utan det minimum av personale som desse stillingane, attåt dei to som alt finst, vil utgjera.

Ryfylkemuseet har dessutan siste året tatt på seg oppgåver som Fylkeskulturstyret tidlegare har stilt seg positive til (Erfjord og Sauda) og er dessutan tillagt tilsynet med ei fylkeskommunal samling (Barkeland). På denne bakgrunnen bør museet kunne vente ein viss volumauke på enkelte postar.

## FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Styret vil, i samsvar med vedlagte budsjettforslag, foreslå at det blir søkt Rogaland Fylkeskommune om eit driftstilskott på kr. 657.500,- for 1985.
2. Styret vil dessutan foreslå at det blir søkt Rogaland Fylkeskommune om oppretting av følgjande nye stillingar:
  - I/2 stilling for kontorhjelp
  - I/1 stilling for museumshandverkar

## FORSLAG TIL DRIFTSBUDSJETT 1985

### INNTEKTER INNAFOR TILSKOTTSORDNINGEN:

|                             |         |
|-----------------------------|---------|
| Bilettinntekter             | 6.500   |
| Varesal                     | 5.000   |
| Renter av driftsmidlar      | 4.000   |
| Tilskott frå fylkeskommunen | 657.500 |
|                             | 673.000 |

#### UTGIFTER INNAFOR TILSKOTTSORDNINGEN:

|   |         |
|---|---------|
| Lønn faste stillingar                             | 249.100 |
| Lønn tilsyn og vakt                               | 19.100  |
| Lønn ekstrahjelp                                  | 45.000  |
| Indirekte lønnsutgifter                           | 60.000  |
| Innkjøp   | 42.000  |
| Vedlikehald bygningar og samlingar                | 30.000  |
| Kontorutgifter                                    | 38.000  |
| Straum, husleige og forsikringar                  | 85.000  |
| Reiser og transport                               | 45.000  |
| Varekjøp for sal                                  | 3.500   |
| Vedlikehald utstyr og samlingar                   | 6.000   |
| Udstillings- og undervisningsmatr., publikasjonar | 32.000  |
| Reklameutgifter                                   | 5.000   |
| Fotoutgifter                                      | 9.500   |
| Andre driftsutgifter                              | 3.800   |
|   | 673.000 |

# FORSLAG OM VED- TEKTSENDRING

Innlemminga av Erfjord Bygdemuseum og museumsoppgåvene i Sauda i Ryfylkemuseet har aktualisert spørsmålet om samansettinga av styringsorgana for museet. Frå Erfjord Bygdemuseum er det sett som eit vilkår for innleminga at alle lokale museumslag får medråderett i Ryfylkemuseet.

Styret har på denne bakgrunnen funne grunn til å ta opp att den tidlegare tanken om å gjera det øvste styringsorganet i museet om til eit representantskap sett saman av medlemmar frå dei ulike museumslaga som er tilslutta museet.

Ei slik endring føresett at det blir skipa fleire nye lag, slik at alle medlemmane får hove til å delta i styringa av museet gjennom eit lokallag på sin stad.

I dag er det lokallag i (gamle) Suldal og på Jelsa. På Sand er førebuingane til skiping av eit lag kome så langt at ein berre ventar på avklaring av arbeidsområdet til Suldal Museumslag, og i Erfjord og Sauda er det føresetnaden at det skal skipast lag med det første. Også i Hjelmeland har museet mange medlemmar, og arbeida på Viga til sommaren vil vonleg skape enda større interesse for museet, slik at det til hausten også der vil vera aktuelt å skipe eit lokallag.

Dermed vil ein før dette året er omme ha museumslag alle stader der museet har ein del medlemmar, og grunnlaget skulle vera til stades for å setta i verk ein ny styringsstruktur. På denne bakgrunnen vil styret foreslå for årsmøtet at andre avsnittet i §5 i vedtekten for museet får slik ordlyd med verknad frå og med årsmøtet 1985:

*På årsmøtet har dei lokallaga og bygdemusea som er tilslutta Ryfylkemuseet rett til å møte med tre representantar kvar. I tillegg har styret røysterett. Styraren for museet og Fylkeskultursjefen har tale- og forslagsrett.*

# TILRÅDING FRÅ VALNEMNDÅ

På årsmøtet i fjor vart Kolfinn Fløgstad, Sauda, Knud O. Staurland, Hjelmeland og Thoralv Vandvik, Suldal valde til valnemnd for årsmøtet 1984.

Valnemnda er blitt samde om å legga fram slik tilråding om val av styre:

Styremedlem frå Hjelmeland: Jan Ommundsen (attval)

Styremedlem frå Suldal: Ommund Berge (attval)

Styremedlem frå Sauda: Olav I. Oftedal (attval)

Varamedlem frå Hjelmeland: Kaare Jordal (attval)

Varamedlem frå Suldal: Gunnvor Bakka (attval)

Borghild Moe (attval)

Varamedlem frå Sauda: Aslaug Astad (attval)


Formann: Ola Meltveit (attval)

Sand, 24. januar 1984


Kolfinn Fløgstad

Knud O. Staurland


Thoralv Vandvik




*Ein god del av kapitalen er pengar som er øremerkte til istandsetting av husa på Viga.*



*Museet har hjelpt til med å søke om midlar til istandsetting av naustet på Notaholmen ved Vatlandsvåg. Nå ser det ut til at museet vil få naustet.*



Neste store prosjekt blir istandsetting av Kolbeinstveit-stølane. Dette er Vasstolen, den inste av stølane.



Lølands-bua skal få nytt tak og restaurerte glas. Museet har ytt bistand både med førebuingane og gjennomføringa av arbeidet.

# Vedtekter for Ryfylkemuseet

Vedtatt på årsmøtet 11. mars 1983

## § 1

Ryfylkemuseet er regionmuseum for Ryfylke med sete i Suldal kommune. Museet har til formål å ta vare på, arbeida med og gjera kjent materiale om liv og verksemd i regionen frå etterreformatorisk tid.

Museet vil, så langt det er forsvarleg, arbeida for at kulturminna blir verna og nytta der dei hører heime.

## § 2

Ryfylkemuseet er ein sjølvstendig, juridisk person. Medlemmar i museet kan enkeltpersonar, lag og verksemder bli ved å betala ein nærmare fastsett kontingent. Medlemskap kan teiknast direkte eller gjennom eit lokallag som er tilslutta museet.

Museet er ein del av den samla museumsverksemda i Rogaland fylke, og skal følgje dei pålegg som fylkeskommunen gir for oppstilling av budsjett, rekneskap og for revisjon.

Museet bør, når det er fagleg forsvarleg, vederlagsfritt stille gjenstandar til disposisjon for fellesutstillingar (t.d. vandreutstillingar) som organiserast oftentleg.

## § 3

Museet har eit styre med sju medlemmar. Av desse blir seks valde av årsmøtet, som og vel fire varamedlemmar. Rogaland fylkeskommune nemner opp eit medlem med varamedlem.

Styremedlemmane og varamedlemmane bør veljast slik at dei representerer flest muleg av dei kommunane museet arbeider i. Ingen kommune kan ha meir enn to årsmøtevalde representantar i styret.

Funksjonstida for dei årsmøtevalde styremedlemmane er til vanleg to år. Varamedlemmane blir valde for eitt år. Vala bør ordnast slik at tre styremedlemmar er på val kvart år, attåt varamedlemmane.

Årsmøtet vel formann for eitt år om gongen mellom dei valde styremedlemmane. Styret vel sjølv varaformann for eitt år om gongen.

Konservatoren (styraren) for museet og Fylkeskultursjefen i Rogaland har tale- og forslagsrett i møta.

## § 4

Styret skal leie verksemda i samsvar med vedtekten.

Formannen kallar inn til styremøte når det er nødvendig eller når minst fire styremedlemmar krev det. Styret er vedtaksført når minst fire medlemmar er til stades. For at eit vedtak skal vera gyldig må det ha minst fire røyster. Ved lik stemmegiving er røysta til formannen avgjerande. Så langt det høver følger verksemda til styret elles reglane for sakshandsaming i offentlege organ.

Styret tilset personale og utarbeidar instruks for den daglege leiinga av museet.

Formannen bind museet med underskrifta si.

### § 5

Årsmøtet har øvste avgjerdsmakta i museet. Årsmøtet skal kallast inn med minst 14 dagars varsel, og haldast kvart år innan utgangen av mars månad.

På årsmøtet har alle medlemmane rett til å møte. Berre dei som møter personleg har røysterett.

Årsmøtet skal behandle årsmelding, rekneskap, budsjett og velja nye styremedlemmar etter framlegg frå valnemnda. Årsmøtet nemner opp ei valnemnd på tre medlemmar til å førebu neste års val. Andre saker må meldast skriftleg til styret innan 15. februar.

Omframt årsmøte kan haldast når styret, Fylkeskultursjefen eller halvparten av medlemmane krev det.

### § 6

I kommunar eller krinsar der det er ønskjeleg, kan det opprettast eller knytast kontakt med lokale museumslag. Desse skal, i samarbeid med, og etter nærmare retningsliner fastsette av styret, arbeide for å fremje formålet til museet.

### § 7

Ting som hører museet til kan ikkje avhendast, men styret kan, med  $\frac{3}{4}$  fleirtal, gjera vedtak om deponering. Ingen av tinga til museet må førast ut av landet.

### § 8

Endring i desse vedtektena må skje på vanleg årsmøte med  $\frac{2}{3}$  fleirtal av dei frammøtte. Endringsforslag skal kunngjerast saman med årsmøteinkallinga.

Eventuell oppløsing skal handsamast på same måten, men nå, for å vera gyldig, bli vedtatt på to årsmøte etter einannan. Ved eventuell oppløsing skal samlingane disponerast av Rogaland Fylkeskommune i samarbeid med dei kommunane samlingane hører heime i.

### § 9

Rogaland Fylkeskommune skal godkjenne vedtektena og vedtak om oppløsing.

Fylkeskultursjefen i Rogaland har i brev av 17/12-1982 gitt melding om at Fylkesutvalet i Rogaland i sak 196/82 har godkjent vedtektena, slik dei låg føre som forslag frå styret.

Gamle bilete frå Suldal

# Biletbok til sals i mai



Boka med ein del av bileta frå biletinnsamlinga i Suldal i 1982 er nå under trykking, og skal vera ferdig i mai.

Boka blir på 120 sider, og er delt inn i fire hovudkapittel: Eit om garden, eit om plassen, eit om stolen og eit om tettstaden. Biletet vi har brukt her er frå Sandsa, og det er Madel Enoksen og Johan Stråpa som sit i solveggen.

Utsalsprisen på boka blir kr. 128,- men medlemmar og medhjelparar vil få ho for kr. 100,- + eventuell porto direkte frå museet.

Boka kan tingast allereide nå frå Ryfylkemuseet, 4230 Sand, telefon 047/ 97 377, og vil bli sendt ut så snart ho er ferdig.

# Då besta va' ung

Museet har enda eit lite restopplag av tekstheftet "Då besta va' ung" som vart stelt i stand i samband med kvinneutstillinga på sjøhuset i 1982.

Heftet er på 54 sider og inneholder stoff om dei gamle husa, maten og måltida, sengeklede og gangklede, reinhald og omsorg, arbeidet i fjoset og ute, i slåtten, i skuronna og i epleopptaket og stoff om barne- og ungdomstida for jentene.

Prisen er kr. 20,- + porto og heftet kan tingast hos Ryfylkemuseet, 4230 Sand, telefon 047/ 97 377.

# Frå bygd og by i Rogaland

Museet har framleis lager av følgjande årganger av den gamle årboka for Rogaland Folkemuseum:

1952, 1953, 1955, 1956, 1960, 1962, 1963, 1964 (ikkje innbunde), 1966, 1967, 1970 (ikkje innbunde), 1977 og 1978/ 79. Årgangane fram til og med 1971 kr. 10,- pr. bind. Seinare årgangar kr. 20,-pr. bind.

Årbökene kan tingast hos Ryfylkemuseet, 4230 Sand, telefon 047/ 97 377.



**LAUSSAL KR. 25,-**